

## REFERAT GRINDE SKULE FAU

**Møte:** FAU

**Møtestad:** Teams      **Møtedato:** 19.01.2021 kl. 20-21-30

**Tilstades:** Bjørn Halvor, Camilla, Åshild, Marita, Seva, Hanne, Thorbjørn og rektor Astri.

**Saker:**

Sidan sist:

Evaluering av julegrøt 18/12.20. Både dei som var med og serverte og skulen syntes det fungerte bra å ha servering i klasserom. Svært positivt med bakker til servering. Når det gjeld innkjøp var det noko tilbehør til overs, mens mengde grøt var passeleg.

Fellesmøte TKFU. Einighet om at det var eit positivt møte. Fint om det vert årleg, sånn at alle nye klassekontaktar/FAU representantar får kjennskap til rolla si. Positivt om FAU vert initiativtakar til å fremje det sosiale miljøet på skulen. Forslag til faste aktivitetar på kvart klassetrinn. Positivt med årshjul der møter og anna aktivitet vert lagt inn.

Saker til og frå skulen:

Skulen driv som før på gult nivå. Det har vore positivt med snøver, noko som har bidratt til mykje uteaktivitetar og turdagar.

Det er no eit auka fokus på lesing og alle elevar skal ha leselekse kvar dag.

Rektor har fått ny jobb og det vil difor lysast ut stilling i nærmeste framtid. Det er fleire rektorer som har sagt opp stillinga si i Tysvær kommune den siste tida. FAU undrar over om det kan handle noko om arbeidsmengde/arbeidspress. Kan vere ein sak å ta med i TKFU.

Hanne tilbakemelder at når det gjeld systemsak og §9A, skal det lages tiltaksplan for alle involverte, som skal evaluerast kontinuerleg. Alle involverte skal godkjenne ein evt. avslutning. Det etterlyses betre systemer på dette. Astri ønsker PPT meir på banen i dette arbeidet.

Anna:

Camilla kjøper inn gevinst til reflekskonkurransen som er ferdig etter vinterferien.

**Nytt møte 15.03.21 kl 20-21.30.** Viktig å på plass ein ny representant for 5 klasse, då Hanne skal flytte. Minner om at alle legg ut på klassesida at det er møte og etterspør saker i forkant.

Referent: Marita Villumsen